

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål frå Marthe Hammer (SV) - tannhelse

Spørsmål: Kor mange står på venteliste for behandling i den fylkeskommunale tannhelsetenesten, kva for grupper er dette og kor lang ventetid er det?

Svar: Tannhelse er ikkje kjend med at nokon av pasientane i dei prioriterte gruppene står på venteliste per no. Områdeleiarar/klinikkeleiarar kan evt. konsulterast for å stadfeste at dette er faktum.

Ventelista for TOO-pasientane er lang (opp til 82 veker), men sidan TOO-pasientane skal få dekka si behandling av tilskotsmidlar, så er det på sida i denne samanhengen. Storleiken og omfanget av TOO-tilbodet er avhengig av tildelte tilskotsmidlar.

Det kan også vere ventelister for å komme til tannbehandling i narkose, særskild etter covid-19. I 2020 så var ventetid over 3 månadar for 108 av 365 pasientar tilvist for tannbehandling i narkose. Pasientane som måtte vente meir enn 3 mnd. skuldast i all hovudsak covid-19.

Kor stort etterslepet er i tannhelsetenesta varierer frå tannklinikk til tannklinikk. Det er ulikt kor hardt dei ulike tannklinikane har blitt råka av koronasituasjonen og det er ulikt kvar det har mangla bemanning. Det generelle etterslepet i fylket kjem fram av rapportering til KOSTRA:

Klientell fordelt på grupper i samsvar med prioritering i lov om tannhelsetenester					
	Totalt tal på personar i gruppene per 31.12. i rapportåret	Talet på personar som var undersøkte/behandla i rapportåret	Talet på personar som var planlagt ikkje innkalla i rapportåret	Etterslep - personar ikkje undersøkte/behandla, og heller ikkje planlagt ikkje innkalla i rapportåret	Sum personar under tilsyn
Gruppe A Barn og ungdom i alderen 3 til 18 år		69473	36487	10774	116734
Gruppe B Utviklingshemma over 18 år	2705	1900	439	265	2604
Gruppe C 1 Eldre, langtidsjuka og uføre i institusjonspleie		2800	418	826	4044
Gruppe C 2 Eldre, langtidsjuka og uføre i heimesjuka/pleie		4138	1035	828	6001
Gruppe D Ungdom i alderen 19 til 20 år		6414	3503	595	10512
Fengselsinnsette		165	33	12	210
Gruppe E Andre prioriterte grupper	2309	485	200	53	738
Gruppe F Annan vaksen befolkning.		16368	9788	7646	33802
Sum alle grupper for heile fylket	5014	101743	51903	20999	174645

Spørsmål: Kva akutt tilbod er det til den gruppen som står på ventelisten til å få fylkeskommunal tannhelseteneste?

Svar: Tannklinikane tek alltid i mot pasientar med akutte behandlingsbehov uavhengig om pasienten skulle stå på venteliste eller ikkje. I tillegg er tannlegevakten tilgjengeleg etter opningstida til dei offentlege tannklinikane (kveldare og helg/helligdagar). I distrikta må tannlegane kontaktast på sitt private telefonnummer. Det er ikkje utarbeida noko spesielt tilbod til personar på venteliste,

då det som skildra over berre er pasientar som ventar på å få komme til vurdering i TOO-tilbodet som blir sett på venteliste. Desse personane er vaksne betalande og vel sjølv kvar dei ønsker å få akuttbehandling, då dei betaler for desse tenestene sjølv fram til dei har blitt definert inn i TOO-gruppa.

Spørsmål: Dei som står på venteliste for fylkeskommunal tannhelseteneste, men får ein akutt infeksjon og må nytte seg av tannlegevakten, kva koster dette?

Svar: Pasientar som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta får gratis akutthjelp også ved tannlegevakta.

Spørsmål: Er situasjonen forverret/forbedra som konsekvens av coronapandemien?

Svar: Redusert drift og nødvendige tilpassingar for å sikre smittevern har ført til eit auka etterslep i tannhelsetenesta. Tannklinikkane har no difor i liten grad høve til å ta inn vaksne betalande pasientar og dette påvirkar difor økonomien til tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta prioriterer pasientar etter Helsedirektoratet sine tilrådingar, der sårbare grupper vert høgast prioritert. Dei pasientane som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta får eit oppsøkande og regelmessig tilbod, men intervalla mellom kvar statusundersøking vil i ein periode kunne bli forlenga. Dette etterslepet jobbar tenesta hard med å ta att innanfor dei rammene me har. Så lenge det ut i frå smittevernsyn ikkje er mogleg å ha full drift, så vil det vere vanskeleg å komme heilt ajour med etterslepet. Særskild for tannklinikkar som allereie før covid-19 hadde store pasientgrupper med prioritert klientell og lite vaksen betalande klientell, så vil det ta tid før ein når tilstrekkeleg høg tilsynsprosent og får minimert etterslepet.

Spørsmål: Kva er kostnaden for Vestland fylkeskommune, og kor lang tid ville ein hatt behov for å bygge opp ei offentleg tannhelseteneste slik at ein kan gi alle unge under 26 og alle over 75 år i Vestland tannhelsebehandling innanfor den fylkeskommunale tannhelsetenesta?

Svar: Dette er eit svært omfattande spørsmål som krev grundig analyse og som ikkje er mogleg å svare ut innanfor den tidsramma som er gitt tannhelsetenesta. Helsedirektoratet har gjort utrekningar og analyser av å utvide gruppa born og unge som får gratis behandling frå 0-18 til 0-20 eller 0-23. Samanlikna med kven som har rett til gratis tannbehandling i dag, så vil ei utviding i denne skalaen vere svært kostbar.

Spørsmål: I kva grad nyttar fylkeskommunen høve til forskning og fagleg utvikling som reiskap for å rekruttere tannlegar innan den offentlege tannhelsetenesta?

Svar: Fagutvikling og kompetanseheving er viktig for tannhelsepersonelle også. Tannhelsetenesta tar hensyn til dette. Vi har muligheter for disse gjennom TK Vestland.